



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 11, 16.mars 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Lærerstudentar frå Volda hadde praksis i Tanzania

Fire studentar på grunnskulelærerutdanninga har hatt praksis på ein skule i Tanzania. Praksisen vart gjennomført i landsbyen Himo ved Kilimanjaro, på ein barneskule med ca. 600 elevar. Men dei fire studentane fekk også tid til ein safari.

[LES MEIR](#)



Barnehagebarn og studentar leika seg til læring

Barnehagebarn skal få den første smaken på lesing og skrivning alt i barnehagen, så det må også studentar og framtidige barnehagelærarar kunne. No har studentar møtt barnehagebarn frå Mosmarka barnehage i Ørsta med målet å leike seg inn i den første lese- og skriveopplæringa.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv



Kva skjer i Volda og Ørsta? Sjekk ut nettsida orstavolda.no

På nettsida orstavolda.no er det ein veldig brei og oppdatert [kalender med oversyn over arrangement i Volda og Ørsta innanfor kultur- og idrett](#). Ørsta Næringskontor er [ansvarleg for nettsida](#) som også tek i mot tips og informasjon om arrangement.

Nærnett: Utvekslingsstudentar på ski for første gong

Internasjonalt kontor har invitert med utvekslingsstudentar på skidag på Reset skisenter, og Nærnett følgde med på turen. [Les meir på Nærnett](#).

Nærnett: Etterlyser billegare treningstilbod

Nærnett har samanlikna tilbod og studentprisar på treningssenter og VSI-leiar Stian Woo Andersson ønskjer seg eit betre velferdstilbod. [Les meir på Nærnett](#).

Nærnett: Studentar sparar og frys når straumen blir dyrare

Student Michelle Korsbrekke Jøsok fortel til Nærnett om at høgare straumpris har ført til at ho sparar straum der ho kan ved å ha låg varme på badet og å bruke økonomi-programmet på vaskemaskinen. [Les meir på Nærnett](#).

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Vegetarlasagne (også vegan)

Tysdag: Fiskegrateng med råkostsalat

Onsdag: Pasta bolognese (også vegan/vegetar)

Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffé

Fag og forskning



Jan Ove Ulstein (79) disputerer 24. mars

[Dosent Jan Ove Ulstein](#), AHL/IRL disputerer for dr.philos-graden ved det teologiske fakultet på Universitetet i Oslo fredag 24. mars på [avhandlinga "Oppbrotsteologi på det lange 70-talet. Frigjeringsteologi, marxisme, sosialetikk"](#). Avhandlinga handlar om kristenradikalisme og kristensosialisme i Noreg med utgangspunkt i 1968-opprøret og stridsspørsmål som blant anna abortstriden, u-land og kvinneørsla. Avhandlinga er også utgitt i [skriftserien Religionsfag Profil \(Cappelen Damm\)](#). Jan Ove Ulstein har vorte 79 år gammal. Han vart tilsett som amanuensis på DH-

skulen i Volda i 1975 og var blant anna rektor på DH-skulen i 1977-1979. Han fekk seinare fagleg opprykk til dosent. I 2013 vart Ulstein "HVO-pensjonist" og har hatt kontor på høgskulen sidan då. Han har blant anna vore sentral i utgjevinga av skriftserien som i dag heiter "[Religionsfag profil](#)" (tidlegare Kyrkjefag profil). Og Ulstein er ikkje ferdig som forskar når han no disputerer. I mai kjem han ut med ein ny monografi med tittelen: [Sosiologi, teologi og Helge Hognestads doktoravhandling. Møte og konflikt på det lange 70-talet](#). Ved sidan av den faglege verksemda har Ulstein også gjeve ut ei rekke diktsamlingar, skrive salmar, barnebøker og romanar. [Les meir om Jan Ove Ulstein på Wikipedia](#).

Ph.d.-søknaden: NOKUT-komiteen kjem til HVO 28.-29. august

Høgskulen i Volda får måndag 28. og tysdag 29. august besøk frå eit sakkunnig utval som skal vurdere søknaden om akkreditering av ei ph.d.-utdanning i utdanning, språk og kultur med utgangspunkt i Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning.



"Kvinneløftet" dytta Torhild Høydalsvik til å professor

På seminaret på kvinnedagen 8. mars fortalde tre HVO-tilsette kvinner som nett har fått opprykk om korleis dei har arbeidd med sine opprykssøknader - og ikkje minst om kva hjelp dei har fått gjennom prosjektet "Kvinneløftet". Dei tre nyopprykte er professor Torhild Høydalsvik, førstelektor Kari Ryslett og professor Helga Synnevåg Løvoll. [Les meir på nettsidene våre](#).

Stor samling om lærarutdanning

Over 120 lærarutdannarar frå skular i Volda, Ørsta og Ulstein møtte høgskuletilsette for å styrke og utvide samarbeidet om lærarutdanning - både på høgskulen og på lærarutdanningsskulane. [Les meir på nettsidene våre](#).

CRISTIN blir pensjonert til hausten: No kjem "Nasjonalt vitenarkiv" (NVA)

Bente Gunn Lien sende 13. mars ut e-post til alle tilsette på HVO med informasjon om at til hausten vil CRISTIN bli erstatta av eit nytt system: Nasjonalt vitenarkiv (NVA). Registreringsarbeidet blir nokså likt CRISTIN, og alle CRISTIN-registreringar vil bli overført til NVA. I NVA vil også studentarbeid bli overført direkte frå Inspera. [Meir informasjon om NVA er på nettsidene til SIKT.](#)

Oppmoding: Registrer deg i ORCID

I samband med innføring av Nasjonalt vitenarkiv oppmodar biblioteket og forskingsadministrasjonen fagleg tilsette om å registrere seg i ORCID (Open Researcher and Contributor ID). ORCID er ein internasjonal standard for unik identifisering av forskarar og ikkje minst publikasjonar til forskarar. Reint praktisk oppgir ein ORCID i tillegg til vanleg signatur når ein publiserer ein artikkel eller ei bok slik at ein unngår skrivefeil ved namn og slepp problem ved til dømes namnebyte. Her er [informasjon om ORCID på nettsidene til Høgskulen i Volda.](#)

Nokre HVO-tilsette som alt har registrert seg i ORCID:

[Professor Siv M. Gamlem, AHL](#)
[Høgskulelektor Arve Fiskerstrand, AHL](#)
[Professor Finn Ove Båtevik, ASH](#)
[Professor Nathalie Homlong, ASH](#)
[Professor Ivar John Erdal, AMF](#)
[Professor Rolf Werenskjold, AMF](#)
[Professor Helga Synnevåg Løvoll, AKF](#)
[Førsteamanuensis Karen Brønne, AKF](#)

Trudi H. Eikrem om kjønnsdelt arbeidsmarknad


[Førstelektor Trudi H. Eikrem](#), ASH, kommenterer i Nærnett på skilnader i lønnsnivå mellom kvinner og menn i regionen og meiner dette kan handle om eit kjønnsdelt arbeidsliv. [Les meir på Nærnett.](#)

Sæther inn i redaksjonsrådet i "Zygon: Journal of Religion and Science"

[Professor Knut-Willy Sæther](#), AHL/IRL, har blitt medlem i redaksjonsrådet (editorial board) i det internasjonale vitskaplege tidsskriftet [Zygon: Journal of Religion and Science.](#)

Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.



Ope seminar: "Å formidle det ufattelige". Mediene og Holocaust - 29. mars

Avdeling for mediefag og Avdeling for samfunnsfag og historie arrangerer i fellesskap seminaret "Å formidle det ufattelige". Mediene og Holocaust" i Store BK onsdag 29. mars kl 13-15.30. Seminaret er ope for alle. Første post på programmet er filmskapar [Elsa Kvamme](#), Alert Film, som skal fortelje om filmen "[Ingen hverdag mer](#)" som handlar om [Ruth Maier](#) og [Gunvor Hofmo](#). Filmen blir også synt i Store BK før seminaret med start kl 11.50. Andre bidragsytarar på seminaret er [førstelektor Elisabeth Teige](#), ASH, [førsteamanuensis Endre Eidså Larsen](#), AMF og [professor Inger Marie Okkenhaug](#), ASH.

FoU-stipend for 2024: Søknadsfrist 23. mars

Forskningsleiar Henriette Hafsaas har invitert tilsette til å søke på FoU-stipend for året 2024, og søknadsfristen er 23. mars 2023. Det blir lyst ut inntil 10 FoU-stipend, kvar på kr 300.000, og retningslinene er som for tidlegare år. Det betyr blant anna at søkarar må avklare med næraste leiar praktiske sider ved frikjøpet. Avdelingane vil også kvalitetssikre søknadene før dei blir handsama i

Forskningsutvalet 21. april. [Meir informasjon om ordninga, søknadsskjema og retningsliner for FoU-stipend.](#)

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpande frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhendebrev frå Læringsverkstaden.](#)

Styre og stell



2022

Årsrapport



Her er årsrapporten for 2022

Høgskulen i Voldas årsrapport for 2022 vart vedtatt av høgskulestyret på møtet 9. mars, og no er rapporten sendt til Kunnskapsdepartementet - og til trykking av nokre få eksemplar. [Du finn rapporten på den faste nettsida saman med andre sentrale dokument.](#)

Omframst styremøte om tilsetting av dekanar

Høgskulestyret held eit eige omframst styremøte der einaste sak på dagsorden er tilsetting i dei tre dekanstillingane på Avdeling for kulturfag, Avdeling for samfunnsfag og historie og Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Møtet blir halde tysdag 28. mars i Ålesund for at tilreisande styremedlemmer skal kunne reise fram og tilbake same dagen. Dekanane vert tilsette i fireårige åremål frå 2023 til 2027.

BK-huset: Tre veker med ventilasjonsarbeid

Statsbygg skal bytte aggregat i ventilasjonsanlegget i Berte Kanutte-huset. Dette skal skje i veke 11-13 og arbeidet starta frå måndag 13. mars. Dette vil gi oss betre luft på Berte Kanutte-huset, som er godt nytt. Men i perioden arbeidet pågår vil ventilasjonen vere avskrudd i første, andre og tredje etasje, med unntak av biblioteket, kantina, undervisningsromma, toaletta i underetasje og første etasje. Råda vi har fått for å ha eit godt arbeidsmiljø i denne perioda er å lufte nokre gongar om dagen, og ved behov. Vi er råda til å unngå toalettområda der ventilasjonen er avskrudd. Nytt difor gjerne toaletta i underetasjen om mogleg. Det er også mogleg å avtale heimekontor med næraste leiar for dei som opplever at lufta vert dårleg.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)



Tidlegare HVO-student vart prorektor ved Universitetet i Stavanger

[Professor Marte Cecile W. Solheim](#), UiS, har vorte [tilsett som prorektor for innovasjon og samfunn ved Universitetet i Stavanger](#) for åra 2023-2027. Solheim har bachelor i PR og kommunikasjon og mastergrad i planlegging og leiing frå Høgskulen i Volda. Masteroppgåva hennar frå 2011 har tittelen: ["På Nebo Bjerg? Ein studie av møtet mellom høgkompetent utanlandsk arbeidskraft og den maritime klynga på Møre"](#). Solheim har også bidrege på HVO på andre måtar, blant anna med [innlegg på alumni-dagen på ASH/IPAS for eit år sidan](#).

HVO-tilsette fornyar "Pleieheimen" i Volda

Nærnett har laga ein reportasje om at den gamle "Pleieheimen" no blir pussa opp. Og det er kanskje ikkje overraskande at tilsette på Avdeling for kulturfag opptrer i reportasjen. [Les meir på Nærnett](#).

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Førstemanuensis/førstelektor/høgskulelektor i matematikdidaktikk/matematikk](#) - søknadsfrist

17.3.2023

[Førstekonsulent i studieadministrasjonen, engasjement \(1-2 stillingar\)](#) - søknadsfrist 23.3.2023

[Ferievikarar SiVolda – Reinhold / Resepsjon / Grasklipping og vedlikehaldsarbeid](#) - søknadsfrist 27.3.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar

23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde

29.3.2023: Konsert med høgskulekoret

29.3.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

29.3.2023: [Ope seminar: "Å formidle det ufattelige" - Media og holocaust](#), HVO - Store BK

30.4.2023: [Næringskonferansen for Søre Sunnmøre](#), Ørsta

20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)

11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar

26.4.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

4.-7.5.2023: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)

25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO

31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar

15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)

4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)

7.9.2023: [Høgskulestyret](#)

[Animation Volda](#)

26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)

7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret

8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)

30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

9.3.2023: [Orientering til høgskulestyret, mars 2023](#)

23.2.2023: [Norskopplæring for internasjonale tilsette](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)

ØrstaVolda.no

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)